

Prop. 43 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2020 under Justis- og beredskapsdepartementet

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 20. november 2020,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyingane under diverse kapittel i statsbudsjettet 2020.

Omdisponering – tilskot til undersøking om korруpsjon

Det er eit mindrebehov på posten. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyinga på posten med 0,2 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av post 71.

2 Forslag om endringar

Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Teknisk justering mellom departement og etat

Ein viser til omtalen under kap. 440, post 01, som gjeld teknisk endring av oppgåver mellom departement og etatet. På denne bakgrunnen foreslår departementet å auke løyinga med 0,4 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av løyinga på kap. 440, post 01.

Overgrep mot barn (internett) – omdisponering

I samanheng med utarbeidninga av ein tverrdepartemental strategi mot internettrelaterte overgrep mot barn, foreslår departementet å auke løvinga på posten med 4,5 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 70.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å auke løyinga på posten med 4,3 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd til internasjonale organisasjoner

Tilskot til undersøking om korrupsjon – omdisponering

Transparency International (TI) har søkt Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet om tilskot på 0,5 mill. kroner til å dekke norsk deltaking i undersøkinga *Global Corruption Barometer* (GCB). Departementet foreslår å gi TI eit tilskot på 0,2 mill. kroner for deltakinga deira i under-

Post 23 Spesielle driftsutgifter, forsking, evaluering og kunnskapsinnehenting, kan overførast

Løyinga på posten skal bli brukt til forsking, oppfølging av stortingsmeldingar eller offentlege utgreiingar, evalueringar og anna innhenting av kunnskap på justis- innvandring og beredskapsfeltet.

Kap. 400, 410, 3410, 414, 430, 3430, 440, 3440, 442, 3442, 444, 446, 451, 3451, 454, 455, 466, 469, 470, 474, 3474, 475, 480, 490, 3490, 491

søkinga. Den andre halvdelen blir dekt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. På denne bakgrunnen foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 0,2 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på post 23.

Kap. 410 Domstolene

Post 22 Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, kan overføres

Endring i overslag

Jordskiftedomstolane har heimel til å krevje inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekke det tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene skal førast i eigne saksrekneskapar. På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2020 foreslår departementet å redusere løyvinga med 0,7 mill. kroner.

Kap. 3410 Domstolene

Post 02 Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene

Endring i overslag

Løyvinga på posten omfattar inntekter ved at partane i saka betaler gebyr. Det er forventa ein svak reduksjon i saks- og gebyrinntektene i 2020. På bakgrunn av dette og rekneskapstal foreslår departementet å redusere løyvinga med 2,5 mill. kroner.

Post 04 Vernesaker jordskiftedomstolene

Løyvinga på posten samsvarer med tilsvarende utgifter over kap. 410, post 22. På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2020 foreslår departementet å redusere løyvinga over kap. 3410, post 04, med 0,5 mill. kroner.

Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter

Post 01 Driftsutgifter

Endring i overslag

Løyvinga på posten dekker godtgjersle og tapt arbeidsforteneste til meddommarar, enkelte sak-kunnige, vitne, rettsvitne m.m. og reiseutgiftene deira. Vidare dekker løyvinga utgifter til tolkar i sivile saker der partane har krav på tolk. Løyvinga på posten dekker også utgifter til vitne som møter hos eller på annan måte gir forklaring til Kommisjonen for gjenoptaking av straffesaker, og utgifter til nødvendige blodprøver og DNA-testar i arbeidet til kommisjonen. På bakgrunn av rekneskapstal og

forventa utvikling i 2020 foreslår departementet å auke løyvinga med 9,8 mill. kroner.

Kap. 430 Kriminalomsorga

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker ordinære driftsutgifter (løn, varer og tenester) i kriminalomsorga. Posten dekker vidare utgifter til maskiner og utstyr, kontorutgifter, personalavhengige utgifter, husleige, programverksemd, aktiviseringstiltak og godtgjersler og kosthold for dei innsette.

Utgifter til smittevernomsyn i fengsel

Kriminalomsorga har sett i verk ei rekke tiltak for å redusere smittefarens blant tilsette i kriminalomsorga, samarbeidspartnarar og innsette. Ein stor del av kostnadene har vore innkjøp av smittevernsutstyr som er teke i bruk i fengsla. Det har vidare vore behov for å betre forholda for dei innsette i ei tid med redusert aktiviseringstilbod. Kriminalomsorga har derfor sett i verk enkelte velferdstiltak for aktivisering og blant anna utvida tilgangen dei innsette har til telefon. Departementet foreslår i denne samanhengen å auke løyvinga med 17,8 mill. kroner.

Samarbeidsprosjekt med Ukraina – paralleljustering

Departementet foreslår også å auke løyvinga med 13,3 mill. kroner under kap. 430, post 01, mot ein tilsvarende auke under kap. 3430, post 04. Auken må sest i samanheng med ei fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3430 post 04. Sjå også omtale under kap. 3430, post 04.

Oppgjer med Statsbygg for prosjekter som er stansa i justissectoren

Statsbygg har i perioden 2010–2016 hatt omfattande utgifter til utredning og prosjektering av byggeprosjekt i justissectoren som ikkje er blitt gjennomført. Dersom prosjekta ikkje blir realisert, blir det heller ikkje inngått husleigekontrakt som skal dekke dei påløpte utgiftene. Statsbygg må da nedskrive kostnadene i sitt driftsrekneskap. Nokre av dei påløpte utgiftene til prosjektering skal Statsbygg få betalt tilbake frå enkelte verksemder i justissectoren.

I kriminalomsorga er det lagt opp til at noko av utgiftene blir belasta gjeldande driftsbudsjett, mens noko blir foreslått finansiert ved å auke løy-

vinga under kap. 430, post 01 med 5,5 mill. kroner. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga med 5,5 mill. kroner til delvis dekking av utgifter Statsbygg har hatt til prosjektering av byggeprosjekter i justissektoren som ikkje har blitt realisert. Sjå også omtale under kap. 440, post 01.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 430, post 01 med 36,7 mill. kroner.

Kap. 3430 Kriminalomsorgen

Post 04 Tilskudd

Inntektene på posten omfattar tilskot til deltaking i internasjonalt fengselssamarbeid under EØS-finansieringsmekanismane. Posten omfattar også inntekter frå prosjekt der kriminalomsorga får tilskot til å gjennomføre prosjekt i samarbeid med internasjonale organisasjonar eller andre land. Tilskota under inntektposten dekker dei konkrete utgiftene til kriminalomsorga til deltaking i desse prosjekta.

Samarbeidsprosjekt med Ukraina – paralleljustering

Inntekta under posten er venta å bli 13,3 mill. kroner høgare enn saldert budsjett 2020. Dei auka utgiftene kjem hovudsakleg av tilskot frå Utanriksdepartementet til kriminalomsorga for å dekke utgiftene dei har ved at dei deltek i eit bilateralt samarbeidsprosjekt med ukrainske justisstyresmakter. Dette prosjektet skal bidra til å utvikle ei moderne friomsorg og til større merksamd på bruk av alternative straffereaksjonar, og det blir finansiert av Utanriksdepartementet og implementert av Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI). Auken i inntekt kjem òg av refusjonar frå Financial Mechanism Office (FMO).

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 13,3 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 430, post 01.

Kap. 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker alle ordinære driftsutgifter i Politidirektoratet (POD), politidistrikta, politireserven, dei lokale PST-einingane i politidistrikta og særorgana i politiet, med unntak av Politihøgskolen (PHS) og Politiets tryggingsteneste (PST). Justis- og bered-

skapsdepartementet har i 2020 fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3440, post 02 og post 03.

Færre pass – endring i overslag

Som følgje av virusutbrotet har det vært lågare etterspurnad etter pass, og det er venta at den låge etterspurnaden vil fortsette ut året. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 26,3 mill. kroner som følgje av reduserte utgifter til politiet, jf. omtale under kap. 3440, post 01.

Lågare aktivitet i politiinnsats i internasjonale operasjoner – paralleljustering

Som følgje av redusert aktivitet i politiinnsats i internasjonale operasjoner er det venta at det vil bli reduserte refusjonar. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 02.

Færre oppdrag – paralleljustering

Som følgje av færre oppdrag i samband med vakt-hald på festivalar, konserter, fotballkamper med meir er det venta at det vil bli reduserte refusjonar. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga med 40 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 03.

Teknisk justering mellom departement og etat – omdisponering

Det er flytta oppgåver frå politiet til Justis- og beredskapsdepartementet med verknad frå 1. august 2020. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga med 0,4 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 400, post 01.

Styrking av FN-delegasjonen – omdisponering

Det er behov for ei ny stilling hos FN-delegasjonen i New York frå 1. oktober 2020 som følgje av at Noreg er vald inn som medlem i FNs tryggingsråd. Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,3 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga på kap. 446, post 01.

Oppgjer med Statsbygg for prosjekter som er stansa i justissektoren

Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 8 mill. kroner til delvis dekking av utgifter Statsbygg har

hatt til prosjektering av byggeprosjekter i justis-sektoren som ikkje er blitt realisert, sjå omtale under kap. 430, post 01.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 01 med 68,5 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Endring i overslag

Løyvinga på posten dekker sideutgifter for politi- og lensmannsetaten i samband med asylsaker og uttransportering i asylsaker og andre utlendings-saker, medrekna utgifter ved Nasjonalt ankomst-senter og Politiets utlendingseining på Trandum.

Det er venta at det vil komme færre asylsøkarar til Noreg i 2020 enn det som tidlegare har vore lagt til grunn. Reduksjonen i talet på asylsøkarar gir mindreutgifter knytt til asylsaksbehandling og til færre innsette på Politiets utlendingseining på Trandum. Vidare er utgiftene til Nasjonalt ankomst-senter reduserte, blant anna på grunn av at flyttinga av dei tilsette til nytt arbeidssted på senteret vart utsett, og at etableringskostnadene har blitt lågare enn rekna med. Som følgje av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 18,3 mill. kroner.

Post 23 Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål

Løyvinga på posten skal dekke sideutgifter i samband med sivile gjøremål. Dette gjeld i hovudsak sideutgifter i samband med tvangsførretningar og utgifter i samband med gjeldsordningssaker.

Endring i overslag

På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2020 foreslår departementet å redusere løyvinga med 6,6 mill. kroner.

Post 25 Retur av asylsøkere med avslag og andre utlendingar uten lovlig opphold, overslagsbevilgning

Løyvinga på posten dekker dei variable utgiftene til retur av tidlegare asylsøkarar med avslag og andre utlendingar som er bort- og utviste etter utlendingslova.

Endring i overslag

Dei samla tala på bortviste og utviste etter utlendingslova og returar av tidlegare asylsøkarar med avslag er reduserte samanlikna med tidligare

anslag. På grunn av smittesituasjonen er den gjen-nomsnittlege kostnaden per retur auka. Dette er i hovudsak knytt til dyrare flybillettar. Samla med-fører dette reduserte utgifter over posten.

Som følgje av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 37 mill. kroner.

Post 70 Tilskudd

Posten innehold ulike tilskot innanfor generell førebygging av kriminalitet, tilskot til tiltak som kan hjelpe kvinner og menn ut av prostitution, støtte til offer for menneskehandel eller vald i nære relasjoner og tilskot til humanitære tiltak retta mot EØS-borgarar.

Tiltak mot overgrep mot barn (internett) – omdisponering

Det er sett av 4,5 mill. kroner til tiltak mot over-grep mot barn (internett). Justis- og beredskaps-departementet koordinerer utarbeidingsa av ein tverrdepartemental strategi mot internettrelaterte overgrep mot barn. Arbeidet med strategien har vist at kunnskap og hjelpetilbod må utviklast vidare, samstundes som sektorane og verksemda må samordnast betre. Departementet foreslår derfor å nytte midlane til utgreiing, analyse og evaluering på ein post for forsking. På denne bak-grunnen foreslår departementet å redusere løyvinga med 4,5 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 400, post 23.

Kap. 3440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

Post 01 Gebyr – pass og våpen

Løyvinga på posten dekker inntekter frå behandlingsgebyr for pass og våpenløyvingar.

Endring i overslag

Gebyrinntektene vil venteleg gå ned fordi det er produsert færre pass i 2020, jf. omtale under kap. 440, post 01. Med bakgrunn i dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 223,2 mill. kroner, mot ein reduksjon av løyvinga på kap. 440, post 01, med 26,3 mill. kroner.

Post 02 Refusjoner

Paralleljustering

Som følgje av redusert politiinnsats i internasjona- le operasjoner er det venta at det vil bli mindre

refusjonar til politietaten i 2020. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 01.

Post 03 Salgsinntekter

Paralleljustering

Som følgje av rekneskapstal og venta utvikling i 2020 er det venta at det blir mindre salsinntekter i politietaten i 2020. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 40 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 01.

Post 06 Gebyr – utlendingssaker

Løyvinga på posten dekker gebyr i samband med søknader om statsborgarskap, familieinnvandring, arbeidsløyve, utdanningsløyve og permanent opphaldsløyve.

Endring i overslag

På bakgrunn av lågare prognosar for søknader om arbeid i 2020 som følgje av virusutbrotet og endra prognosar for kor mange som er unntekne frå å betale gebyr eller som betaler redusert sats, foreslår departementet å redusere løyvinga med 12,1 mill. kroner.

Post 07 Gebyr – sivile gjøremål

Endring i overslag

Løyvinga på posten skal dekke gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet, det vil seie gebyr for tvangsførretningar og forliksrådsbehandling. Smitteverntiltaka som vart sett i verk våren 2020, medførte at namsmannen stengde mykje av verksemda og at forliksråda reduserte aktiviteten. I delar av perioden gjenomførte ikkje forliksråda møte eller oppdrag ute.

På bakgrunn av utviklinga som er venta, foreslår departementet å redusere løyvinga med 70 mill. kroner.

Kap. 442 Politihøgskolen

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker lønsutgifter og andre driftsutgifter ved Politihøgskulen. Justis- og beredskapsdepartementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 442, post 01, mot tilsvarende meir inntekter på kap. 3442, post 02 og post 03.

Reduserte inntekter som følgje av lågare aktivitet

Med bakgrunn i førebelse rekneskapstal og at det er venta at det blir lågare aktivitet som følgje av virusutbrotet, foreslår departementet å redusere løyvinga med 7 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3442, post 02 og 03.

Kap. 3442 Politihøgskolen

Post 02 Diverse inntekter

Løyvinga dekker diverse inntekter.

Endring av overslag

Inntektsbortfallet er i hovudsak knytt til kantinene i Oslo og Kongsvinger som følgje av lågare salsinntekter enn det som tidlegare har vore lagt til grunn. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling i 2020 blir det foreslått å redusere løyvinga med 5,5 mill. kroner.

Post 03 Inntekter fra Justissectoren kurs- og øvingssenter

Løyvinga dekker inntekter frå Justissectoren kurs- og øvingssenter.

Reduserte inntekter kantine

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling i 2020 blir det foreslått å redusere løyvinga med 12,5 mill. kroner.

Kap. 444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)

Post 01 Driftsutgifter, kan overføres

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter for Den sentrale eininga (DSE) i PST i tillegg til enkelte utgifter knytte til drifta av dei lokale PST-einingane i politidistrikta.

Forseinka utviklingsprosjekt

Innkjøpsprosessar for utviklingsprosjekt er forseinka blant anna som følgje av virusutbrotet, noko som fører til at utbetalinga kjem først i 2021. Departementet foreslår at posten blir tilført stikkordet *kan overførast*.

Kap. 446 Den militære påtalemyndighet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter til løn og andre driftsutgifter. Det er behov for å styrke FN-delegasjonen i New York. Sidan det er venta lågare utgifter på kap. 446, post 01, foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 446, post 01, med 0,3 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 440, post 01.

Kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for DSB med underliggende driftseiningar, medrekna Nødnett, Sivilforsvaret, skular og regionkontor.

Redusert tilsyns- og kursvirksomhet

Undervisningsaktiviteten ved kurs- og skulesentre til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) vart avlyst frå mars som følgje av virusutbrotet. Undervisninga er no delvis i gang igjen under strenge smittevernreglar, og det er sett i gang arbeid med å etablere og ta i bruk e-læring.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 3,9 mill. kroner.

Sivilforsvaret – meirutgifter virusutbrotet

Sivilforsvaret har hatt vesentlige meirutgifter i samband med virusutbrotet. Hittil utgjer desse 9,7 mill. kroner. Om lag 5,4 mill. kroner er direkte knytte til innsatsar som smittevernustyr, godt gjersler til mannskap og forpleiing. Om lag 4,3 mill. kroner omhandlar kostnader til auka beredskap. I dette inngår innkjøp av smittevernustyr, trening i bruk av utstyret og styrkt vaktfunksjon.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 9,7 mill. kroner.

EUs ordning for sivil beredskap

Regjeringa viser til at løyvinga til Noregs kontingent til ordninga for sivil beredskap i EU i Prop. 142 S (2019–2020) og Innst. 19 S (2020–2021) var auka med 39,5 mill. kroner. Etter at kostnadsramma er endeleg fastsett, er det klart at behovet

for auka løyving til formålet kan reduserast med 4,7 mill. kroner.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 4,7 mill. kroner.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 451, post 01 med 1,1 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) administrerer skogbrannhelikopterberedskapen i Noreg. Løyvinga på posten dekker kostnadene til flytimar.

Det har vore nødvendig å setje inn helikopter i innsats ved skogbrann og ekstra helikopter i beredskap på grunn av den store skogbrannfarene. Vidare har den ekstraordinære situasjonen knytt til virusutbrotet og status i innanlandsmarknaden for skogbrannhelikopter vore vurdert som faktorar som påverkar evna til å oppretthalde det forventa beredskapsnivået. Det har òg vore usikkert kapasitetsnivå i den kommunale brann- og redningstenesta og i Sivilforsvaret, blant anna som følgje av virusutbrotet.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 7,3 mill. kroner.

Post 22 Spesielle driftsutgifter – Nødnett, kan overføres

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift og vedlikehald og mindre utgifter til utvikling og investering i Nødnett og tilhøyrande tenester. Abonnementssavgifta blir fakturert kundane i Nødnett, og inntektene blir ført på kap. 3451, post 05, *Abonnementsinntekter*.

Utgifter på vegner av Nødnett-brukarane

Brukarane av Nødnett har anskaffa meir over DSB sine kontraktar enn det har vore budsjettet for. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 7,8 mill. kroner, med tilsvarende auke på kap. 3451, post 05.

Post 45 Større utstyrsskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga dekker utgiftene knytte til større investeringar i Nødnett og til tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet på vegner av brukarane. Utgifter på

vegner av brukarane blir dekte inn av refusjonar på kap. 3451 post 04.

Det var berekna investeringar på vegner av brukarane på til saman 73,8 mill. kroner, med tilsvارande refusjonar. Nye berekningar viser at det er forventa investeringar for 113,9 mill. kroner. Det er noko uvisse kring talet knytt til forseinkin-
gar og virusutbrotet, og departementet legg derfor ei lågare utgift til grunn.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 31,2 mill. kroner, med tilsvarande auke på kap. 3451, post 04.

Post 60 Refusjoner til kommunene, kan overføres (ny)

Regjeringa har fastsatt ei ny forskrift om endring i covid-19-forskrifta, fastsatt ved kgl.res. 6. november. Ifølge forskrifta skal personar i innreisekaran-
tene opphalde seg på karantenehotell i karantene-
tida, dersom dei ikkje er busett eller eig bolig i Noreg eller kan opphalde seg på anna egna opp-
haldsstad eller for øvrig ikkje er omfatta av sær-
lege unnatak som er regulert i forskrifta. Det er grunn til å tru at tiltaket vil bidra til å redusera smittespreiinga frå personar som er smitta i utlan-
det. Forskrifta trådte i kraft 9. november 2020. Ordninga med karantenehotell skal etableras ved at Fylkesmennene i dialog med kommunane pei-
ker ut enkeltkommunar som får i oppgåve å opp-
rette karantenehotell. Det skal opprettast karan-
tenehotell ved større flyplassar og andre viktige
grenseplasseringsstader.

Det skal utarbeidas ei løsning for betaling av eigenandelar og til utbetaling av refusjonar til kommunane. Det foreslås å oppretta ein ny post 60 Refusjoner til kommunane på kap. 451 Direkto-
ratet for samfunnstryggleik og beredskap, kor-
kompensasjonen til kommunane foreslås løyva.

Departementet foreslår å løyve 75 mill. kroner på kap. 451, post 60.

Kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

Post 01 Gebyr

DSB krev inn avgift for å dekke utgifter for tilsyn retta mot risikofylt verksemd. Avgifta blir kravd inn for førsteleddsomsetnad av petroleumspro-
dukt og løysemiddel, for ilandføring av petro-
leumsprodukt i røyrleidning frå sjøområde og for førsteleddsomsetnad av sprengstoff og krut. Inntektene er avhengige av omsetnads- og/eller pro-
duksjonsnivået frå føregående år. Det blir vidare

kravd inn avgift for tilsyn med elektriske anlegg på land, i skip og på flyttbare offshoreinstallasjona-
nar og for tilsyn med elektromedisinsk utstyr ved somatiske sjukehus.

Gebyrinntekter tilsyn

Tilsyna til DSB knytt til tilsyn med landbaserte elektriske anlegg, maritime elektriske anlegg, bruk av elektromedisinsk utstyr i somatiske sjukehus o.l. vart stansa som følgje av virusutbrotet.

Dette fører til at inntektskravet på post 01 ikkje blir nådd. Det estimerte inntektsbortfallet i 2020 utgjer 38 mill. kroner, tilsvarande ein fjerde-
del av inntektskravet. Dei fleste av tilsynskostna-
dene er faste og knytte til lønns- og personalkost-
nader, kontorlokale mv. og blir ikkje påverka av ein mellombels reduksjon i aktivitet.

Departementet foreslår derfor å redusere løy-
vinga med 38 mill. kroner.

Post 03 Diverse inntekter

Løyvinga på posten består av inntekter i samband med kursverksemd ved Noregs brannskule, utleige av Sivilforsvarets anlegg og sal og bort-
leige av kursplassar og lærermateriell m.m. ved skulane. Delar av inntektene kjem frå utnytting av ledig kapasitet ved Sivilforsvarets beredskaps- og kompetansesenter og anlegg.

Undervisningsaktiviteten ved kurs- og skule-
sentra til DSB vart avlyst frå mars som følgje av virusutbrotet. Undervisninga er no delvis i gang igjen under strenge smittevernreglar, og det er sett i gang arbeid med å etablere og ta i bruk e-læring.

Utgiftene knytte til undervisningsaktiviteten er i stor grad faste.

Departementet foreslår derfor å redusere løy-
vinga med 5,5 mill. kroner.

Post 04 Refusjoner større utstyrsskaffelser og vedlikehold Nødnett

Løyvinga omfattar refusjonar frå brukarar for investeringar og kjøp som brukarane bestiller gjennom avtalane DSB har med leverandørar av Nødnett. Utgiftene blir ført på kap. 451, post 45, og DSB fakturerer kundane for dette.

Investeringar på vegner av Nødnett-brukarane

Departementet foreslår å auke løyvinga med 31,2 mill. kroner, med tilsvarande auke på kap. 451, post 45, jf. omtale under post 45.

Post 05 Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett

Løyvinga omfattar inntektene DSB har frå abonnementsordninga i Nødnett. Stortinget har i Budsjett-innst. S nr. 4 (2004–2005), Innst. S. nr. 104 (2006–2007) og Innst. 371 S (2010–2011) sluttar seg til at brukarane skal dekke driftsutgiftene etter kvart som Nødnett blir bygd ut og teke i bruk, og at utgiftene skal dekkast innanfor budsjetttrammene etatane har på gjeldande tidspunkt. Forventa brukarbeting er basert på prinsippa for brukarbeting som vart gjorde greie for i St.prp. nr. 30 (2006–2007), St.prp. nr. 30 (2006–2007) og Prop. 100 S (2010–2011), og på at fleire tek nettet i bruk.

Løyvinga dekker refusjonar for tenester og produkt kundar av Nødnett blir tilbodne utover abonnementsordninga i Nødnett. Det inneber refusjonar for linjeleige til og drift av kommunikasjonssentralutstyr og til refusjonar for drift og vedlikehald av nettverkskomponentar som blir bestilte og betalte av enkeltbrukarar. Vidare vil det i samband med utbygginga kunne komme utgifter for DSB som skal refunderast av leverandøren. Omfanget av desse refusjonane varierer.

Abonnementsinntekter Nødnett

Det har vore ein jann auke i talet på brukarar av Nødnett. Departementet foreslår derfor at løyvinga knytt til abonnementsinntekter blir auka med 10 mill. kroner.

Utgifter på vegner av Nødnett-brukarane

Departementet foreslår å auke løyvinga med 7,8 mill. kroner, med tilsvarende auke på kap. 451 post 22, jf. omtale under post 22.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 3451, post 05, med 17,8 mill. kroner.

Kap. 454 Redningshelikoptertjenesten

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker kostnader til drift av den offentlege redningshelikoptertenesta og prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter, i tillegg til ressursar knytte til oppfølging av prosjektet. Løyvinga omfattar vidare ein tiltaksplan for dagens Sea King-redningshelikopterflåte som skal bidra til å halde oppe drift og god beredskap fram til dei nye redningshelikoptera er tekne i

bruk. Det blir teke sikte på å setje i drift ein redningshelikopterbase i Tromsø i løpet av 2022. Løyvinga på posten dekker kostnader i samband med dette arbeidet. I same prosess blir vurdert moglegheiter for inngåing av ny kontrakt knytt til redningshelikoptertenesta for Sysselmannen på Svalbard, herunder å sjå operasjonen på begge basane i samanheng.

Vedlikehaldsprogrammet for dagens Sea King-redningshelikopterflåte

Den høge alderen til Sea King-maskinene fører til ein utfordrande driftssituasjon og behov for meir vedlikehald. Det er sett i verk eit eige vedlikehaldsprogram for Sea King-flåten for å sikre forsvarleg beredskap og drift fram til alle dei nye redningshelikoptra er i operativ drift.

Som følgje av at ein større del av kostnadene knytt til vedlikehald av motorar og komponentar først kjem til neste år, blir det foreslått å redusere løyvinga med til saman 125 mill. kroner, med ein tilsvarende reduksjon under Forsvarsdepartementets kap. 4791, post 01.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 454, post 01 med 125 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten dekker investeringar i samband med kjøp av nye redningshelikopter.

Alle dei nye redningshelikoptra er planlagt å vere i drift i løpet av 2022. I samband med Stortinget sin behandling av *Prop. 101 S (2014–2015)* *Endringer i statsbudsjettet 2015 under Justis- og beredskapsdepartementet (redusert kostnadsramme for anskaffelse av nye redningshelikoptre mv.)*, jf. Innst. 267 S (2014–2015), blei kostnadsramma for kjøp av nye redningshelikopter mv. satt til 14,045 mrd. kroner inkl. mva. Berekingar tilseier at denne vil bli overskriden, noko som er knytt til bl.a. samla framdrift og auka valutautgifter. I *Prop. 101 S (2014–2015)* står det at det, på lik linje med det som er vanleg i denne typen kjøp, ikkje er tatt høgde for valutakursusikkerhet i kostnadsramma og at vesentlege endringar i valutakursane kan medføre høgare eller lågare utbetalinger til leverandøren enn det som ligger til grunn for kostnadsramma. Det er fortsatt usikkerhet om kostnadsanslag og arbeid med vurdering av dette går føre seg. Justis- og beredskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 125 mill. kroner på kap. 454, post 01.

tementet planlegger å fremme forslag om ny kvalitetssikra kostnadsramme seinast i samband med revidert nasjonalbudsjett 2021. Det er i samband med dette relevant å vurdera enkelte sider av innkjøpet, herunder gjeldande fremdriftsplan. Justis- og beredskapsdepartementet vil komma tilbake til saka på eigna måte.

Som følgje av at leveringa av dei nye redningshelikoptera er forseinka, er tidspunkta for milestolpebetalingane for prosjektet endra. Det er behov for å sette av noe meir middlar til forventa tillegg. Saman med forskyvingar i utgifter til eide dom, bygg og anlegg, kjøp av diverse utstyr, utsettelse av utbetring av landingsplassar ved sjukehus og andre mindre endringar i utbetalingar fører dette til at kostnadene til prosjektet blir mindre enn forventa i 2020.

Departementet foreslår derfor å redusere løyinga med 164,6 mill. kroner.

Kap. 455 Redningstjenesten

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyinga på posten omfattar utgifter til å engasjere private selskap, til dømes helikopterselskap, og frivillige redningsorganisasjonar, i konkrete redningstilfelle, vidare refusjon til frivillige hjelparar for innsats i redningstenesta, forbruk og erstatning av tapt materiell m.m. Forbruket på posten er vanskeleg å berekne, sidan utgiftene varierer med talet på og omfanget av redningsaksjonar.

Det er eit auka behov på posten som følgje av hendingar som krev større bruk av sivile helikopter- og flyressursar enn tidligare. Refusjonar til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta har og auka utover vanleg prisutvikling.

Departementet foreslår å auke løyinga med 1 mill. kroner.

Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m.

Post 01 Driftsutgifter

Løyinga på posten dekker hovudsakleg utgifter til juridisk bistand i straffesaker til personar som har rett til advokatbistand i medhald av straffeprosesslova kap. 9 og 9 a. Dette er personar som har status som sikta eller tiltalte, som fornærma eller som pårørande av eller etterlatne etter den fornærma. Posten er regelstyrt. På bakgrunn av analysar av rekneskapstal og forventa utvikling i 2020 foreslår departementet å auke løyinga med 94,5 mill. kroner.

Kap. 469 Vergemålsordningen

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyinga på posten dekker godtgjersle og utgifter til verjer, jf. verjemålslova § 30. Posten dekker også godtgjersle og utgifter til representantar for einslege mindreårige asylsøkarar i tillegg til nødvendige utgifter til tolk, jf. utlendingslova § 98 f.

Fylkesmennene har dei siste åra i stor grad fasa ut bruken av advokatverje med timebetaling etter offentleg salårsats i saker som ikkje krev juridisk kompetanse. Samstundes har det vore reduksjon i talet på einslege mindreårige asylsøkarar. Dette har ført til lågare forbruk på posten. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyinga med 5 mill. kroner i 2020.

Kap. 470 Fri rettshjelp

Post 01 Driftsutgifter

Løyinga på posten skal dekke utgifter til advokat, sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsel etter reglane i rettshjelpslova. Fri sakførsel blir gitt i saker for domstolane og for særskilde forvaltningsorgan som fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker, kontrollkommisjonen (for psykisk helsevern), smittevernemndna m.m. I tillegg dekker løyinga utgifter til advokat og rettshjelp i saker der det heilt eller delvis er løvd fritt rettsråd etter reglane i rettshjelpslova. Fritt rettsråd er juridisk rådgiving i saker som ikkje er til behandling i domstolane eller eit anna organ.

Det har vore reduksjon i talet på einslege mindreårige asylsøkarar dei siste åra. Samstundes har det vore nedgang i delen som får tilgang til fri rettshjelp ved økonomisk behovsprøving. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyinga med 52,3 mill. kroner.

Kap. 474 Konfliktråd

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker drift av 12 konfliktråd fordelt på 22 kontor og drift av Sekretariatet for konfliktråda (Sfk). Departementet har i 2020 fullmakt til å overskride løyinga på kap. 474, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3474 post 02.

Ruskontraktprosjekt – paralleljustering

Departementet foreslår å auke løyinga med 1,4 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke under kap. 3474, post 02.

Kap. 3474 Konfliktråd

Post 02 Refusjoner

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgiftene konfliktråda har i samband med kurs og konferansar. Inntekta under posten er venta å bli 1,4 mill. kroner høgare enn budsjettert. Dei auka inntektene kjem av ei betaling frå Fylkesmannen i Trøndelag som støttar Ruskontraktsprosjektet. Konfliktrådet i Trøndelag leier prosjektet.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 1,4 mill. kroner, mot ei tilsvarende auke under kap. 474, post 01.

Kap. 475 Bobehandling

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker statens ansvar for utgifter til konkursbehandling i tilfelle der buet

eller den som ber om konkurs (rekvirenten), ikkje dekker utgiftene. Dette er regelstyrte utgifter etter konkurslova § 73. På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2020 foreslår departementet å redusere løyvinga med 28,6 mill. kroner.

Kap. 480 Svalbardbudsjettet

Post 50 Tilskudd

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 480, post 50, med 1 mill. kroner. Når det gjeld sjølve svalbardbudsjettet, har departementet dette forslaget:

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 0018 *Navigasjonsinnretningar*, post 01 *Drift og vedlikehald*, med 1,0 mill. kroner. Utgiftene til drift og vedlikehald av navigasjonsinnretningar på og ved Svalbard har vore lågare enn det som vart løyvd i samband med Prop. 1 S (2019–2020) *Svalbardbudsjettet*.

Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak

Løyvinga på posten dekker utgifter staten har til drift av statlege mottak for asylsøkarar.

Smitteverntiltak i asylmottak

Sidan mars har Utlendingsdirektoratet (UDI) sett i verk fleire tiltak for å avgrense smitte og spreiing

av covid-19 i asylmottaka. Tiltaka vart sette i verk med heimel i fullmakt gitt av Stortinget til å auke innkvarteringskapasiteten, sjølv om det førte med seg auka behov for løyving over kap. 490, postane 21 og 60, jf. Innst. 16 S (2019–2020), romartalsvedtak V. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2020 vart det vedteke å løyve 41,8 mill. kroner på post 21 til tiltak som var strengt nødvendige, jf. Prop. 117 S og Innst. 360 S (2019–2020). Det har ikkje vore nødvendig å setje i verk ytterlegare omfattande tiltak i mottaka. Nokre av tiltaka som vart sette i verk, blir forlengde ut 2020. På denne bakgrunnen blir det isolert sett foreslått å auke løyvinga med 2,3 mill. kroner. Kostnadsoverslaget føreset at det ikkje skjer større smitteutbrot i mottak resten av året.

Færre bebuarar på asylmottak

Vidare er det eit mindrebehov på posten knytt til lågare driftskostnader, færre bebuarar og lågare bebuarretta utgifter enn det som tidlegare har vore lagt til grunn. Isolert sett inneber dette at behovet for løyving på posten blir redusert med 19,2 mill. kroner.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 16,9 mill. kroner.

Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolk og oversetting

Løyvinga på posten dekker utgiftene UDI har i samband med tolking og omsetjing under behandlinga av asylsaker. Det har komme færre nye asylsøkarar enn tidlegare venta, og prognosene for vedtak har blitt redusert. Dette inneber redusert behov for tolking. Vidare har UDI i mindre grad nytta tolkar som er sjølvstendig næringsdrivande, enn det som tidlegare har vore lagt til grunn. Sjølvstendig næringsdrivande tolkar har ein høgare timepris enn tolkar som er tilsette på timekontraktar, fordi faktura inkluderer meirverdiavgift.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 12,7 mill. kroner.

Post 60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak

Det er forventa færre asylsøkarar og dermed færre bebuarar i mottak, samstundes som det er mindre bruk av barnehageplassar og omsorgsplassering enn det som tidlegare har vore lagt til grunn. Isolert sett inneber det at det berekna løy-

vingsbehovet på posten vart redusert med 4,8 mill. kroner.

Som følgje av oppdaterte overslag for smitteverntiltak i asylmottak, som omtalt under post 21, er det nødvendig å auke løyvinga på posten med 0,3 mill. kroner.

Saml foreslår departementet å redusere løyvinga med 4,5 mill. kroner.

Post 70 Stønader til beboere i asylmottak

Løyvinga på posten dekker økonomiske ytingar til livsopphald og andre nødvendige ytingar for beboarar i asylmottak som ikkje kan dekke dette sjølv. Satsane for økonomiske ytingar blir differensierte blant anna på bakgrunn av søknadsstatus og familiestatus. I tillegg kan beboarar söke om nødvendige tilleggsytingar ved behov.

Sjølv om det har vore noko reduksjon i talet på beboarar, har det òg vore noko høgare utgifter til nødvendige tilleggsytingar per beboar enn det som tidlegare har vore lagt til grunn. Det er samla likevel eit redusert behov for løyvingar på posten.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,5 mill. kroner.

Post 72 Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i hjemlandet, overslags-bevilgning

Løyvinga på posten skal bidra til at personar som har fått endeleg avslag på søknaden om vern, og andre personar utan lovleg opphold i Noreg, returnerer til heimlandet. Løyvinga skal òg leggje til rette for at flyktningar kan vende tilbake til heimlandet. Posten finansierer stønadssordningar og tilskotsordningar som kan nyttast til informasjons- og motivasjonsarbeid som skal bidra til assisterte returar eller tilbakevending frå Noreg.

I Prop. 1 S (2019–2020) vart måltalet for returar redusert frå 300 til 250. Ved ein inkurie vart ikkje forslaget til løyving justert i samsvar med det nye måltalet, og det blir isolert sett foreslått å redusere løyvinga med 9,5 mill. kroner knytt til dette.

Vidare har det på grunn av virusutbrotet blitt gjennomført færre returar enn det som tidlegare har vore lagt til grunn, og prognosene for talet på assisterte returar er derfor redusert til 180. Samstundes har kostnadene til kvar retur blitt høgare grunna virusutbrotet. Desse forholda bidrar samla til eit redusert behov på 3,5 mill. kr.

Saml foreslår departementet å redusere løyvinga med 13 mill. kroner.

Post 73 Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak, kan nyttas under kap. 291, post 60, kan overføres

Formålet med posten er å finansiere støtte til arbeidet UNHCR og eventuelt andre organisasjoner, som International Organization for Migration (IOM), gjer med overføring av flyktningar. Grunna virusutbrotet vil det bli vanskeleg å nå målet om å fylle alle dei 3 000 plassane frå kvoten for overføringsflyktningar i 2020. Førebelts legg ein til grunn at 2 000 plassar blir fylte opp i år. Anslaget er usikkert. I tråd med tidlegare praksis og som varsla i Prop. 1 S for 2021 ønskjer regjeringa å overføre ubrukte plassar til 2021. For at vedtak om opphold i Noreg og innreise skal kunne fattast utan ytterlegare forseinkingar, blir det foreslått at ubrukte løyvingar som er meint for desse plassane på kap. 490, post 73, blir overførte til neste år.

Departementet foreslår at posten blir tilført stikkordet *kan overførast*.

Post 74 Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., kan overføres

Løyvinga skal dekke kontingentar og andre innbetalinger til internasjonale samarbeidsorgan. Kontingentane som løyvinga dekker, blir utbetalte i utanlandsk valuta. Grunna endringar i valutakurs blir det foreslått å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, kan overføres

Løyvinga på posten dekker reiseutgifter for overføringsflyktningar og reiseutgifter for flyktningar som vender tilbake til heimlandet. Løyvinga dekker òg utgifter i samband med mottak av overføringsflyktningar.

I 2020 er det 3 015 plassar for overføringsflyktningar på kvoten. Grunna virusutbrotet vil det bli vanskeleg å nå målet om å fylle alle plassane i 2020. Førebelts legg ein til grunn at 2 000 plassar blir fylte opp i år. Anslaget er usikkert. I tråd med tidlegare praksis og som varsla i Prop. 1 S for 2021 ønskjer regjeringa å overføre ubrukte plassar til 2021. For at vedtak om opphold i Noreg og innreise skal kunne fattast utan ytterlegare forseinkingar, blir det foreslått at ubrukte løyvingar som er meint for desse plassane på kap. 490, post 75, blir overførte til neste år. Departementet foreslår ingen endring i løyvinga i 2020.

Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet

Post 01 Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter

Visse utgifter på kap. 490, post 01 og 72, knytte til tilrettelegging for at flyktningar skal kunne vende tilbake til heimlandet, og for at personar med avslag på asylsøknad skal kunne returnere, kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). Som følgje av endringar på kap. 490, post 72, og justering i berekningsgrunnlaget på kap. 490, post 01, foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 53 000 kroner.

Post 04 Asylmottak, ODA-godkjente utgifter

Visse innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkarar og flyktningar kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. På bakgrunn av foreslalte endringar på kap. 490, post 21, 60 og 70, og justeringar i berekningsgrunnlaget foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 38,1 mill. kroner.

Post 07 Tolk og oversetting, ODA-godkjente utgifter

Utgifter knytte til tolking, omsetjing og informasjon i samband med asylsøkarprosessen kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand.

På bakgrunn av foreslalte endringar på kap. 490, post 22, foreslår departementet å redusere løyvinga med 11,7 mill. kroner.

Post 08 Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter

Utgifter knytte til reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet eller til tredjeland, og tiltak som bidrar til samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltinga i sentrale opphavs- og transittland og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell bistand ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC.

På bakgrunn av endringane på kap. 490, post 72, foreslår departementet å redusere løyvinga med 0,6 mill. kroner.

Kap. 491 Utlendingsnemnda

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under post 21

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift av Utlendingsnemnda (UNE).

Grunna virusutbrotet har ulike aktivitetar og tiltak ikkje latt seg gjennomføre som planlagt. Saksinngangen har òg vore lågare enn det som tidlegare har vore lagt til grunn, og det har dermed ikkje vore nødvendig å erstatte alle fråtredingar i 2020. Det er eit mindrebehov knytt til dette på 2,5 mill. kroner.

I saldert budsjett vart det løvt 7,5 mill. kroner til UNE for å gjennomføre lovendringane knytte til tilbakekall av statsborgarskap og for å byggje ned talet på ubehandla saker i denne porteføljen. UNE har fått inn færre saker av denne typen enn kva tidlegare prognosar tilsa. Det har derfor vore mogleg å nytte eksisterande kapasitet i UNE til å behandle sakene. Dette inneber eit mindrebehov på 7,5 mill. kroner.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2020 vart det løvt 2 mill. kroner til å handtere saker knytte til ei eingongsløysing for utlendingar med lang opphaldstid i Noreg, med føresetnad om forskriftsendring i juni. Grunna virusutbrotet har iverksetjing av forskriftsendringa vorte forseinka. Dette inneber eit mindrebehov på posten i 2020 på 2 mill. kroner. Ein legg no til grunn at forskriftsendringa vil tre i kraft i 2021, og regjeringa har derfor foreslått ei løying i Prop. 1 S (2020–2021) for å handtere desse sakene.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 12 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, kan nyttes under post 01

Løyvinga på posten dekker utgifter i samband med nemndmøter. Det er mindrebehov på posten på høvesvis 2 mill. kroner og 0,2 mill. kroner knytte til tilbakekallssaker og eingongsløysingar for utlendingar med lang opphaldstid i Noreg, jf. omtale under post 01. Grunna virusutbrotet har det òg vore gjennomført færre fysiske nemndmøter enn i ein normalsituasjon. Dette inneber eit mindrebehov på posten på 5,3 mill. kroner.

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 7,5 mill. kroner.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget
om endringar i statsbudsjettet 2020 under Justis-
og beredskapsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under Justis- og bered-
skapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under
Justis- og beredskapsdepartementet**

I

I statsbudsjettet for 2020 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
400		Justis- og beredskapsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med	403 000
		fra kr 478 647 000 til kr 479 050 000	
	23	Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnehenting, <i>kan overføres</i> , forhøyes med	4 253 000
		fra kr 34 033 000 til kr 38 286 000	
	71	Tilskudd til internasjonale organisasjoner, forhøyes med	247 000
		fra kr 15 989 000 til kr 16 236 000	
410		Domstolene	
	22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, <i>kan overføres</i> , nedsettes med	743 000
		fra kr 2 653 000 til kr 1 910 000	
414		Forliksråd og andre domsutgifter	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med	9 800 000
		fra kr 231 808 000 til kr 241 608 000	
430		Kriminalomsorgen	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med	36 650 000
		fra kr 4 825 362 000 til kr 4 862 012 000	
440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med	68 453 000
		fra kr 19 061 867 000 til kr 18 993 414	
	21	Spesielle driftsutgifter, nedsettes med	18 340 000
		fra kr 129 195 000 til kr 110 855 000	
	23	Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål, nedsettes med	6 619 000
		fra kr 36 619 000 til kr 30 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	25	Retur av asylsøkere med avslag og andre utlendinger uten lovlig opphold, <i>overslagsbevilgning</i> , nedsettes med	37 000 000
		fra kr 75 528 000 til kr 38 528 000	
	70	Tilskudd, nedsettes med.....	4 500 000
		fra kr 70 946 000 til kr 66 446 000	
442		Politihøgskolen	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med.....	7 000 000
		fra kr 642 519 000 til kr 635 519 000	
446		Den militære påtalemyndighet	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med.....	300 000
		fra kr 9 088 000 til kr 8 788 000	
451		Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med	1 100 000
		fra kr 980 227 000 til kr 981 327 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, forhøyes med.....	7 300 000
		fra kr 9 306 000 til kr 16 606 000	
	22	Spesielle driftsutgifter – Nødnett, forhøyes med.....	7 800 000
		fra kr 477 543 000 til kr 485 343 000	
	45	Større utstyrssanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , forhøyes med.....	31 200 000
		fra kr 173 194 000 til kr 204 394 000	
(NY)	60	Refusjoner til kommunene, <i>kan overføres</i> , bevilges med	75 000 000
454		Redningshelikoptertjenesten	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med.....	125 000 000
		fra kr 766 669 000 til kr 641 669 000	
	45	Større utstyrssanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , nedsettes med	164 550 000
		fra kr 2 336 400 000 til kr 2 171 850 000	
455		Redningstjenesten	
	21	Spesielle driftsutgifter, forhøyes med.....	1 000 000
		fra kr 28 959 000 til kr 29 959 000	
466		Særskilte straffesaksutgifter m.m.	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med	94 500 000
		fra kr 1 068 646 000 til kr 1 163 146 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
469		Vergemålsordningen	
	21	Spesielle driftsutgifter, nedsettes med fra kr 115 000 000 til kr 110 000 000	5 000 000
470		Fri rettshjelp	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med fra kr 619 424 000 til kr 567 124 000	52 300 000
474		Konfliktråd	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med fra kr 143 956 000 til kr 145 356 000	1 400 000
475		Bobehandling	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med fra kr 148 184 000 til kr 119 584 000	28 600 000
480		Svalbardbudsjettet	
	50	Tilskudd, nedsettes med fra kr 426 178 000 til kr 425 178 000	1 000 000
490		Utlendingsdirektoratet	
	21	Spesielle driftsutgifter, asylmottak, nedsettes med fra kr 614 760 000 til kr 597 874 000	16 886 000
	22	Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse, nedsettes med fra kr 22 083 000 til kr 9 345 000	12 738 000
	60	Tilskudd til vertskommuner for asylmottak, nedsettes med fra kr 161 770 000 til kr 157 232 000	4 538 000
	70	Stønader til beboere i asylmottak, forhøyes med fra kr 63 006 000 til kr 63 529 000	523 000
	72	Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i hjemlandet, <i>overslagsbevilgning</i> , nedsettes med fra kr 72 178 000 til kr 59 214 000	12 964 000
	74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., <i>kan overføres</i> , forhøyes med fra kr 36 424 000 til kr 36 672 000	248 000
491		Utlendingsnemnda	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nytties under post 21</i> , nedsettes med fra kr 263 091 000 til kr 251 091 000	12 000 000
	21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nytties under post 1</i> , nedsettes med fra kr 12 825 000 til kr 5 325 000	7 500 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3410		Domstolene	
	02	Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene, nedsettes med.....	2 536 000
		fra kr 24 390 000 til kr 21 854 000	
	04	Vernesaker jordskiftedomstolene, nedsettes med	542 000
		fra kr 2 452 000 til kr 1 910 000	
3430		Kriminalomsorgen	
	04	Tilskudd, forhøyes med	13 300
		fra kr 2 454 000 til kr 2 467 300	
3440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Gebyr – pass og våpen, nedsettes med	223 200 000
		fra kr 450 693 000 til kr 227 493 000	
	02	Refusjoner mv., nedsettes med.....	10 000 000
		fra kr 269 583 000 til kr 269 573 000	
	03	Salgsinntekter, nedsettes med.....	40 000 000
		fra kr 92 756 000 til kr 52 756 000	
	06	Gebyr – utlendingssaker, nedsettes med	12 095 000
		fra kr 373 273 000 til kr 361 178 000	
	07	Gebyr – sivile gjøremål, nedsettes med	70 000 000
		fra kr 1 177 429 000 til kr 1 107 429 000	
3442		Politihøgskolen	
	02	Diverse inntekter, nedsettes med	5 500 000
		fra kr 24 090 000 til kr 18 590 000	
	03	Inntekter fra Justissektorens kurs- og øvingssenter, nedsettes med	12 500 000
		fra kr 19 003 000 til kr 6 503 000	
3451		Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	
	01	Gebyr, nedsettes med.....	38 000 000
		fra kr 154 511 000 til kr 116 511 000	
	03	Diverse inntekter, nedsettes med	5 500 000
		fra kr 27 468 000 til kr 21 968 000	
	04	Refusjoner større utstyrssanskaffelser og vedlikehold Nødnett, forhøyes med.....	31 200 000
		fra kr 73 155 000 til kr 104 355 000	
	05	Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett, forhøyes med.....	17 800 000
		fra kr 455 876 000 til kr 473 676 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
3474		Konfliktråd	
	02	Refusjoner, forhøyes med fra kr 723 000 til kr 2 123 000	1 400 000
3490		Utlendingsdirektoratet	
	01	Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter, nedsettes med..... fra kr 1 134 000 til kr 1 081 000	53 000
	04	Asylmottak, ODA-godkjente utgifter, nedsettes med fra kr 282 592 000 til kr 244 529 000	38 063 000
	07	Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter, nedsettes med fra kr 20 635 000 til kr 8 971 000	11 664 000
	08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter, nedsettes med..... fra kr 34 125 000 til kr 33 494 000	631 000

II

Tilføyning av stikkord

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2020 kan tilføye stikkordet «kan overføres» på kap. 444 Politiets Sikkerhetstjeneste (PST), post 01 Driftsutgifter, og kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 73 Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak, kan nytties under kap. 291 post 60.



